

14

Tips oss:
tips@bygdanytt.no

MAGASIN

Byråd hylla eldsjelenene bak veteranantoget



Byråda Katrine Nødtvedt (MDG) og Beate Husa (KrF) er mektig imponerte over alt det frivillige arbeidet som driftsleiar Ivar Gubberud og veteranantog-eldsjelene har gjort. – Arna kan vere stolt over veteranantoget, smiler Husa. BEGGE FOTO: ANDERS TOTLAND

– Arna kan vere stolt over veteranantoget sitt, smiler frivillighetsbyråd Beate Husa (KrF).

kjølvatnet av frivilligprisen som blei tildelt Museet Gamle Vossebanen 2019, tok byråda Beate Husa og Katrine Nødtvedt seg ein tur med veteranantog-gjengen fredag morgon.

– Dette er ei fantastisk oppleving. Å sjå alt det arbeidet dei over 20 frivillige eldsjelenene gjer for å verne denne historiske strekninga, er mildt sagt inspirerende. Arna kan vere stolt over veteranantoget sitt, stråler Husa (KrF), som offisielt er byråd for eldre, helse og frivillighet.

– *Inspirerende?*

– Ja, for alle som driv med viktig frivillig arbeid gjev arbeidet ein solid dose motivasjon, svarar ho.

Byråd for kultur, mangfald og

likestilling, Katrine Nødtvedt (MDG), nikkar seg einig og trør inn i det ærverdige stasjonsbygget i Indre Arna.

– Dette er høgkultur på sitt aller beste. Eg er veldig imponert over kva dugnadsgjengen får til, smiler Nødtvedt.

Frå morse til el-signal

Inne i pakkhuset treffer me på to signalmontørlærlingar og ein rettleiar.

For over hundre år sidan var det barske menn i vadmelbukser som sleit med slegge og hakke på togstrekningane her til lands.

I dag er bane- og signalmontørane som gjer mykje av det tradisjonelle rallar-arbeidet.

I Vestland fylke er berre eit fåtal elevar som går frå el-energi på VG2 til læreplass i signalmontrøfaget.

– *Kva gjer de her i pakkhuset, Ole Martin?*

– I høve eit prosjekt gjennom Norsk jernbaneskole i Oslo skal me restaurere gamle signalanlegg for Vossebanen. Eit interessant og lærerikt prosjekt ved ei historisk strekning, seier Sotrarilten Ole Martin Øvretveit.



Dette er ei fantastisk oppleving.

Beate Husa

– I gamle dagar brukte ein morse for å kommunisere mellom stasjonane. I dag er alt elektrisk, skyt rettleiar Runar Listhaug inn.

Hovudoppgåva til signalmontørane er å hindre ulukker.

– Difor får montørane ein del pes når det meldast om signalfeil på tognettet. Då må me rykke ut, informerer Listhaug.

– Løfte i flokk

Utanfor stasjonen står frivillig Morten Birkenes og studerer det flunka nye stasjonsuret i Indre Arna.

Han har ikkje lang fartstid i dugnadsgjengen, men valde Gamle Vossebanen for å vere del av eit lærerikt miljø.

– Eg er opptatt av nostalgi og



Ivar Gubberud er stolt av det nye uret ved Arna gamle stasjon.

gamle tog, så eg melde meg inn for å lære og køyre tog, samt drive frivillig arbeid. Banen kunne ikkje ha køyrt utan innsats frå alle eldsjelenene, seier han.

– *Korleis er det å høyre slike flotte ord frå byråd og frivillige?*

– Det gjev oss alle ein fantastisk energi og motivasjon for å jobbe vidare. Om det er å måle ei dør eller restaurere eit stort bygg, så må me alle løfte Vossebanen i flokk. Det å skape resultat saman er sjølve drivkrafta i alt me driv på med, seier drifts-

leiar Ivar Gubberud.

– *Det er ikkje gratis å drive togbane. Har byråda nokre kroner med i kofferten?*

– Hehe, nei, men me som politikarar kan påverke når tilskot skal delast ut. Gamle Vossebanen er meir enn ein jernbanelinje, det er eit nasjonalt klenodium, avsluttar byråd Husa frå perongen ved Arna stasjon.

ANDERS TOTLAND
at@bygdanytt.no